

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Føretak:	Helse Vest RHF
Dato:	21.02. 2013
Sakhandsamar:	Torunn Nilsen
Saka gjeld:	Føretaksmøte i Helse Vest RHF 30. januar 2013

Styresak 021/13 B

Styremøte 06.03. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

Fakta

Onsdag 30. januar 2013 kl. 13.00 blei det halde føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Plenumssalen R4 Møllergata 17, Oslo.

Helse Vest har ikkje motteke signert protokoll frå møtet, men vel likevel å leggje fram usignert versjon for styret. Signert versjon vil bli sendt ut til styret så snart den ligg føre.

Kommentar

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2013 og presenterar dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

I møte 30. januar kl. 13.00 blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Eigar sine overordna styringsbodskap for 2013
- Sak 4 Resultatkrav og oppfølging for 2013
- Sak 5 Organisatoriske krav og rammer for 2013
- Sak 6 Andre styringskrav for 2013
- Sak 7 Endringar i vedtektene §§ 8, 9 og 12 jf. lov om helseforetak § 12 og vedtektene § 19
- Sak 8 Stadfesting av tidlegare vedtak

Vedlegg:

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 30. januar 2013